


Montessoriposten

Eit informasjonsskriv frå Hildre Montessoriskule

jubileumsutgåve

Hildre, april 2022



Illustrasjon; Daniel Hildre Grønmyr

Den første skuledagen

Ein kan høyre spredt småprat i det nye og gamle elevar kjem til skulen denne dagen. Litt etter litt samlar dei seg ute på skuleplassen. Spaninga stig. Nokon held i ei trygg vaksenhand. Første skuledag er ingen spøk, det er alvor. Dei eldre elevane ser spent etter vener og kjende, som dei ikkje har sett på ei stund. Dei yngste elevane kjenner kanskje nokon frå barnehagen, eller dei har sysken som har gått her på den gamle skulen. Det er rart, det er på ein måte den same skulen, men samtidig ikkje. For dei eldre elevane er mykje nytt, for 1. klassingane kjennest det meste nytt.

Nokre av dei vaksne ved skulen er kjende, men dei fleste er nye. Dei er nok litt spende dei og. Ein heilt ny Montessoriskule.

Etter litt venting kjem rektor ut på skuleplassen. Ho har pynta seg for anledninga og smiler til alle frammøtte. Endeleg er dagen her. Første skuledag. No kan alle dei vaksne som har arbeida utrettelig for å skape denne skulen, senke skuldrane bittelitt og nyte augeblinken. Men det er ikkje dei vaksne det handlar om i dag, det er barna.

Erin ynskjer velkomen, til ferske førsteklasingar og til elevar frå gamle Hildre skule. Første dag som rektor, første dag som privat Montessoriskule. Alt arbeidet, alle hindringane som dukka opp på vegen, alt som måtte ofrast. No er vi her, målet er nådd. Men i realiteten er det no det byrjar. Dette er berre starten.



Historia til Hildre Montessoriskule byrjar

Hildre skule hadde bygggestart 15. august 1983. Hausten 1984 vart skulen teken i bruk og hausten 1985 vart den offisielt innvia. Den gongen vart to skular samla i eit nytt og moderne bygg. Bygget var framtidsretta og bygd på ein slik måte at deleveggjar mellom klasseromma kunne fjernast for å lage større rom. I tillegg var det stort kjøkken, gymsal med scene, idrettsfløy, skytebane og bomberom i kjellaren. Bygget ligg fint i terrenget og har kort veg til natur. Både fjell og fjøre kan ein nå utan å måtte sette seg i ein buss.

Det var ei bygd i optimisme og vekst som fekk seg ny skule med tilhøyrande samfunnshus, som også skulle huse dei fleste laga i bygda. Det tok imidlertid ikkje lang tid før skulen vert foreslått nedlagt. Allereie i 1996 går noverande konseptansvarleg, Erin Hildre, rundt i bygda med underskriftskampanje for å bevare Hildre skule. Skulen blir redda denne gongen, men i åra som kjem blir Hildre skule ofte ein post i budsjettet som kan kuttast. Dei som hadde barn ved Hildre skule i denne perioda hugsar sikkert at vi stadig oftare fekk besøk av det som etterkvart vart kalla

«nedleggingsspøkelset». Kampen for å berge skulen blei stadig tyngre. I små bygder er det naturleg at barnetalet varierar ganske mykje. Det er difor ikkje unaturleg at det er år med få elevar.

I 2009 var det imidlertid slutt, kommunen var ikkje villig til å gi seg denne gongen og nedlegging vart vedteke. Men med lovnad om at både Hildre og Grytestranda skulle få tid til å utrede privatskulealternativet.

Hildre var ikkje åleine om å få skulen sin nedlagd. I fleire år hadde det vore ein trend rundt om i Noreg, der små skular forsvann. Mange av dei starta derimot opp med Friskule, som ein den gongen hadde anledning til. Då vart skulen privat, men pedagogikken var den same som før. Dette var ikkje lengre lov i 2009. Då måtte alle privatskular drive med ein alternativ pedagogikk for å bli godkjende.

På eit utvida foreldremøte vart det diskutert kva moglegheiter vi hadde. Det såg mørkt ut med tanke på at politikarane skulle redde oss denne gongen. Det blei foreslått privatskule med Montessoripedagogikk av ei mor som hadde vore på besøk hos Vike Friskule.

Det var få som visste kva Montessori var og det var nok litt skepsis blant dei frammøtte for dette forslaget. Men foreldra gav sitt mandat til at dette kunne arbeidast vidare med. Lena Ulvund og Dagmund Hildre sa seg villig til å hjelpe underteikna. Etterkvart kom også Arvid Jøsok og Susanne Hildre med og Montessorilaget vart danna. Det er i dag 125 skular og barnehagar rundt om i Noreg som driv etter Montessoripedagogikken.

No startar jobben med å grunnlegge Hildre Montessoriskule. Det var pågangsmot og optimisme som var rådande i arbeidsgjengen. Drivkrafta var skule til eigne og andres barn i bygda. Vi følte på at vi ikkje hadde noko val, vi måtte redde skulen, men vi skulle også gjere det på best mogleg måte.

Vi hadde ein søknadsfrist å forhalde oss til. Denne var ein gong i året og vi visste at behandlingstida var veldig lang. Dersom vi misste denne datoen, var løpet kjørt for skulestart i 2012. Det første vi måtte gjere var å setje oss inn i privatskulelova og kva søknaden skulle innehalde. Mellom medlemmane i Montessorilaget var det godt fordelt med utdanning, arbeidserfaring, livserfaring og kunnskap. I tillegg hadde vi eksterne folk vi kunne diskutere både jus, pedagogikk og økonomi med for å ha ei breiare plattform å stå på. Vi skulle trass alt, bygge opp ein skule nestan heilt frå grunnen av. Vi hadde sjølv sagt eit godt utgangspunkt i Hildre skule og Gunnhild Bjørkhaug, dåverande rektor, var til god hjelp og støtte i denne perioda. Søknaden blir etterkvart eit stort og omfattande dokument og vi når fristen den 1. april 2010. Forventa behandlingstid til Utdanningsdepartementet er 12 måneder.



Det første skulestyret. Frå venstre; Dagmund Hildre, Lillian Flem Fylling, Anita Hildre, Nina Tomren og Petter Alvestad. Representant for lærarane, Lena Ulvund var ikkje med. Foto fra 2011

I mellomtida, i 2010, har vi formelt stifta selskapet Hildre Montessoriskule. Selskapet vart stifta som eit Samvirkelag, då vi skulle drive skule, ikkje kommersiell drift. Dette var viktig for styret, dei einaste som skulle tjene noko på dette var elevane. Alle midlane frå staten skulle kome elevane til gode. Her er det ingen store utbytte eller årsmøte på Bahamas. (Skrive med glimt i auge, då privatskular er så godt kontrollert og passa på, at noko slikt heller ikkje hadde vore mogleg)



Erin Hildre og Lena Ulvund. Foto fra arkiv 2011

Vi fekk tidleg to lærarar frå Hildre skule som ville vere med vidare og som sa seg villig til å studere Montessoripedagogikk.

Pedagogikken skil seg frå den som tradisjonelt vert brukt i Norske skular. Men er elles ikkje så uvanleg i andre land. Vi kan berre sjå over til naboen vår, Sverige. Der pedagogikk har vore noko skulane kan velje sjølve. Dei kan enten følge kommunens opplegg eller vere frittstående skular med eigen pedagogikk. *Kilde: Forskning.no og norden.org (Nordisk samarbeid)*

Hildrestranda Helselag har heile vegen vore ein god støttespelar for ein privat skule på Hildre. Dei såg viktigheita med å ha eigen skule i bygda og støtta arbeidet både med pengegåve i form av eit eingongsbeløp og seinare eit lån like før oppstart. Skulen fekk ingen midler frå staten før i juli 2012, det året vi starta opp. Pengar utanfrå kom difor godt med, då det var mykje som skulle på plass både av utdanning av lærarar og materiell til elevane. Montessorilaget arbeida på frivillig basis i heile denne perioda.

Lånet frå Helselaget blei betalt tilbake før det var gått eit år. Det vart også i denne perioda solgt andelsbrev. Tanken var at vi skulle få inn kapital til oppstart, men det viktigaste med andelsbrev var likevel at bygdefolket skulle få eigarskap til skulen. Dei skulle få moglegheita til å følge oss på årsmøta og vere med å påverke drifta. Dette var populært, bygdefolket stilte opp og kjøpte andelar. Mange av dei som var med då skulen vart bygd i 1983, kjøpte seg også andelar. For dei var det viktig at det fortsatt skulle vere skuledrift i det bygget som dei hadde kjempa så hardt for å få på plass.

Arbeidsgruppa treff på utfordringar undervegs. Vi fekk blant anna ikkje kjøpe bygget slik vi var lova. Men etter fleire rundar med forhandlingar, måtte vi gå inn på ein leigeavtale med lovand om å kjøpe bygget seinare. Dette var eit skjær i sjøen, då skulen hadde store planar med

modernisering av bygget. Dette blei utfordrande med ein ekstern eigar. Då leigekontrakta gjekk mot slutten, måtte vi i nye rundar med forhandlingar og det var heller ikkje no gitt at vi skulle få kjøpe. Kommunen ville selge til takst, eit bygg som bygdefolket hadde lagt ned utallige dugnadstimar for å få realisert.



Signering av kjøpsavtalen med dåverande rådmann i Haram kommune, Turid Hanken og styreleiar Dagmund Hildre

Vi kom til einigheit til slutt, no eig skulen bygget og har fått utført mykje nødvendig arbeid. Noko av det som har kome på plass er nytt ventilasjonsanlegg, varmepumpe, nytt brannalarmanlegg og det har vore ei stor utskifting til ledlys.

Ein annan ting som dukka opp heilt på tampen i 2012. Var at bygget måtte HMS godkjennast av fylket. Eit bygg kommunen hadde drive skule i heilt fram til Montessoriskulen skulle ta over, måtte no gjennom ei formell godkjenningsrunde.

I 2009 fekk vi to og eit halvt år frå kommunen til å starte opp ein privatskule. Det var ei hektisk tid, med mange timars innsats frå arbeidsgruppa, som blei til Montessorilaget og som til slutt vart skulestyret. For å starte selskapet måtte vi ha andelseigarar og til dette gjekk vi dør til dør og spurte om folk ville kjøpe seg andelar. Vi måtte ha elevar og arrangerte innskriving i 2011. Då meldte det seg 39 elevar, seinare kom det til ein til. Slik at før den offisielle teljinga i oktober, hadde

skulen 40 elevar. Elevtalet varierer alt etter kor store barnekull bygda har. Skulen hadde på eit tidspunkt 70 elevar. I skrivande stund er det 63.

Arbeidsgruppa hadde ein del bekymringar rundt økonomi. Vi visste ikkje kor mykje tilskudd vi ville få fra staten. Vi gjekk difor ut i frå at det ville bli trangt økonomisk og at vi måtte spare der vi kunne. Det første budsjettet var på 3,9 mill. Og vi var sikre på at dette skulle vi klare. Overraskinga var difor stor då tilskudda kom og vi fekk det mykje romslegare enn først frykta. Når dei årlege budsjetta blir satt opp no, kan vi nok sette eit ekstra 1-tal framføre det opprinnelige budsjettet. Dette kjem elevane til gode. Dei har alt dei treng av materiell og bøker. Dei kan reise på skuletur utan å halde kaketombola og selge toalettpapir på bygda. Alle slike kostnader vert dekt av skulen.

Ei anna av bekymringane til arbeidsgruppa var dette med reinhald og vaktmeistertjenester. Vi kom tidleg fram til at vi ville ha eigne tilsette på reinhald. På den måten kunne reinhaldet tilpassast meir etter behov og når det var aktivitet på bygget. Mange av reinhaldarane er unge skuleelevar og det er ofte deira første jobb. Det er difor viktig at dersom du, som publikum, treff på reinhaldarar i arbeid, at du møter dei med respekt og forståing. Er det noko du er misfornøgd med, ta det med sjefen deira.

Det er 11 reinhaldarar i sving rundt om på bygget. Dei sørger for at det er reint og fint til ei kvar tid. Skulen har reinhald på alle rom som er i dagleg bruk, kvar dag.



Kristoffer Smuga er i full sving med å gjere reint på eit av klasseromma

Skulen har no tilsett eigen vaktmeister. Men i starten hadde dei eit velfungerande vaktmeisterlag av frivillige pensjonistar. Denne gjengen utførte diverse vaktmeisteroppgåver.

Skulen har i dag 30 tilsette. Fordelt på 18 personar i administrasjon/undervisning, 1 vaktmeister og 11 reinhaldarar.

Av 11 lærarar er 7 av dei utdanna Montessoripedagogar og 2 er under utdanning. Skulen har 6 dyktige assistentar, der fleire av dei er faglærde. Det ligg an til at enda eit par til kan ta fagprøve no i vår.

SFO ved Hildre Montessoriskule har ope for alle elevar frå 1. til 7. trinn.



MUSK - Montessoriumskule

I 2016 utvida Montessoriskulen drifta med ungdomstrinn. Dette var eit ynskje både frå elevar og enkelte foreldre. Men styret og lærarane såg også behovet då skiftande regjeringer ofte endra privatskulelova. I lova er det alltid eit minste antal elevar ein må ha for å verte godkjent. Kjem ein under denne gensa medan skulen er i drift, må ein søke om dispensasjon. Det kan ein kun får i maks tre år. Etter det vil skulen miste statsstøtta. Denne minimumsgrensa skulle no hevast. Vi såg også at andre skular som søkte om godkjenning no, søkte for heile løpet opp til 10. trinn. Vi søkte difor om utviding til ti klassetrinn og frå 70 til 140 elevar totalt. Vi ville at MUSK skulle vere eit alternativ for dei elevane som ynskte å fortsette med montessoripedagogikk også etter barneskulen. Eit slikt alternativ hadde ikkje Haram kommune. Heller ikkje dei omkringliggende kommunane kunne skilte med eit slikt tilbod. Hausten 2016 starta vi med to elevar. Seinare same skuleår kom det to til og litt etter litt kom elevane tilbake eller valde å gå vidare direkte frå barnetrinnet. No er dei 14 elevar fordelt på tre trinn.

Hildre Montessoriskule har og har hatt mange gode støttespelarar både i form av pengegaver, dugnadsinnsats og som ei generell støtte i befolkninga. Vi kjem ikkje til å nevne alle her, til det er denne avisa altfor lita. De veit sjølv kven de er, og til

alle saman. Tusen hjarteleg takk for innsatsen. Utan alle dåkke hadde det ikkje blitt den flotte skulen det er i dag.



Skulekyardagen etter 10 års drift

No ser vi endeleg enden på lang tid med pandemi, smittevask og smittevern. Karantene, heimeskule og sjukefråver. Det er ikkje lett å drive skule under slike forhold, men så er det da også ein unntakstilstand. Sjølv om utfordringane har vore mange i denne perioda, har skulen jobba for å finne dei gode løysingane for at både elevar og lærarar skal føle seg trygge for smitte og ha ein god læringskyardag.

Konseptansvarleg og dagleg leiar er einige om at det er lettare å vere ein liten skule i ei slik tid. Det har da også kome noko positivt ut av denne pandemien. Det er fleire klassetrinn som har fått eigen pc. Noko som er bra for den digitale kompetansen til elevane, seier Nina Hildre.

I starten var det i hovudsak elevar frå Hildre som gjekk ved skulen. Men skulen er sjølv sagt open for alle som ynskjer å gå der. I dag har skulen elevar frå fleire av dei omkringliggende bygdene. I tillegg til at Hildre fortsatt er godt representert har skulen no elevar både frå Brattvåg, Helland, Harøy, Lepsøy, Søvik, Terøy og Grytestranda.



Pedagogikken

Det heile starta med Maria Montessori (1870-1952) Ho var lege og læringsreformator frå Italia. Ho utførte vitenskapleg arbeid innan Psykiatri, pedagogikk og antropologi. Pedagogikken hennar tek utgangspunkt i barns naturlege utvikling og medfødte trang til å lære. Pedagogikken gir rom for og oppmuntrar til å fordjupe seg i fag og tema. Det konkrete materiellet som ho utvikla til elevane sine, hjelp eleven både på fokus, konsentrasjon, forståing og hukommelse.



I denne pedagogikken set ein barnet i sentrum og følgjer den naturlege utviklinga til barnet. Denne utviklinga fylgjer ikkje alltid barnets alder. Det kan ofte vere stor variasjon innanfor kvart alderstrinn. Maria Montessori gjorde lange studier og bygde sin pedagogikk rundt denne forskninga. Ho fann ut at barn mellom 6-12 år treng å arbeide i grupper som er aldersblanda. Då kan barna lære av kvarandre og hjelpe kvarandre. På denne måten er det lettare å differensiere lærestoffet for barna. Barna blir trygge i gruppene og skilnadane blir mindre synlege.



Ein Montessoriskule arbeider tverrfagleg og i aldersblanda grupper. Dette var noko Maria Montessori oppdaga fordelene av tidleg i si forskning. Forståelsen av at alt heng saman og at elevane ein dag skal ut i eit arbeidsliv der dei kjem til å arbeide tverrfagleg, saman med folk i alle aldrar og frå alle samfunnslag. Det er difor viktig å lære seg samarbeid på tvers.

Montessoriskulen har investert mykje i materiell av god kvalitet. Både frå det originale materiellet som blei utvikla av Montessori sjølv, men også materiell som har vorte utvikla seinare i tråd med Montessoripedagogikken.



Barna i ein Montessoriskule har stor friheit så lenge dette ikke går utover andre barns konsentrasjon og læring. Det er stort fokus på stillheit og arbeidsro i eit Montessoriklasserom. Det er ofte fleire barn og små grupper med barn, inne i det same klasserommet. Det er difor avgjerande for at alle skal få arbeidsro, at all aktivitet foregår i det stille. Ein bruker difor mykje tid på dei yngste elevane der dei øver på å lukke døra stille etter seg, gå roleg mellom romma, snakke lavt og ikkje forstyrre dei som sit og arbeider. Noko som kjem godt med også seinare i livet.

Barna lærer å planlegge og disponere dagen sin i tett samarbeid med ein vaksen. Friheita ligg i korleis ein vil arbeide, kvar ein vil arbeide og i planlegging av dagen. Alt med tanke på å nå læringsmålet innan kvart fag. Elevane har ikkje anledning til å velje å ikkje arbeide.

Montessori er ein leksebevisst skule. Det vil seie at dei ikkje er heilt leksefri. Det

vert alltid forventat at elevane skal øve på lesing heime. Det kan også kome til andre heimeoppgåver dersom det er hensiktsmessig for den enkelte elev.

Skuledagen er noko lengre enn ved ein offentleg skule. På den måten skal elevane ha god tid til å gjere alt skulearbeidet i skuletida.

Arbeidsdagen til elevane er delt opp i to lengre arbeidsøktar. Arbeidsøktene er delt med ei lang pause midt på dag til mat, leik og frisk luft. Desse lange arbeidsøktene gjev rom for meir konsentrasjon og tid til å fordjupe seg. Elevane har anledning til å bruke lengre tid på kvart fag. Dei blir ikkje avbrutt av stadige korte friminutt. Men får arbeide over lengre tid. Det vert gjerne servert litt frukt og grønt i arbeidsøktene, slik at elevane kan ta seg små pauser med litt påfyll.

Meir materiell



Trinomial kube. Her trenar ein på å bygge ein kube og å få sensorisk erfaring. Førebuing til matematikk og algebra



Klasserommet



Når vi tenkjer på eit klasserom, ser vi ofte for oss ei tavle, kanskje smartboard. Ein lærar foran i klasserommet, kanskje bak eit kateter. Pultane til elevane er gjerne stilt opp i stramme rekker bakover i klasserommet. Slik ser det ikkje ut i eit Montessoriklasserom. Her har elevane valfriheit når det gjeld kvar dei vil sitte.



Klasserommet er møblert med gruppebord, der fleire elevar kan samarbeide. Rommet har også bord for to og bord for ein. På

golvet ligg det tjukke tepper dersom det er elevar som vil arbeide på golvet.

Det kan vere at dei vil legge utover eit større materiell, eller at dei ynskjer variasjon i sittestilling. Det gjer godt for barna å få bevege seg gjennom dagen.



Langs veggane er materiellet plassert fint i hyller, skap og på bord. Elevane lærer tidleg å vente til eit materiell er ledig, men også å setje det tilbake på plass etter bruk.





Eit av romma som kan nyttast til undervisning, er biblioteket. Biblioteket ligg midt i bygget og har takvindaug som slepp inn mykje lys. Boksamlinga blir heile tida oppdatert med nyheiter innan både lærebøker, historie og forteljingar.

Elevane brukar skulen sitt bibliotek ofte, i tillegg får dei reise til folkebiblioteket i Brattvåg. Då reiser dei i mindre grupper saman med lærar.



I staden for tradisjonell undervisning, held læraren i ein Montessoriskule presentasjonar for elevane. Det er gjerne grupper på 4-6 elevar. Då kan ein ha fokus på kvar enkelt elev. Ein får god dialog mellom lærar og elev, men også mellom elevane. Mindre grupper gir tryggleik til å delta.



Eit eksempel på at naturen kan vere det beste klasserommet

Påfyll av næring og energi



Etter ei lengre arbeidsøkt er det godt og viktig med mat. Påfyll av energi og næring i eit godt samansatt måltid. På Hildre Montessoriskule slepp foreldre og elevar stresset med å lage matpakke tidleg om morgonen. Elevane får servert lunsj kvar dag på skulen. Sunn og god mat som ikkje har ligge i sekken heile formiddagen.

Matlysta aukar når det er ferskt brød og godt pålegg på bordet. Fint dekkja på av elevane sjølv. I løpet av veka har dei også enkelte fristande innslag som havregraut, egg og juice. Dei rundar alltid av veka med varm lunsj til alle.



Det er Honami som har ansvaret for den gode maten til så mange. Med seg har ho assistentar som hjelp til med å setje opp handleliste kvar veke og sender denne til butikken. Varene blir levert til skulen ein gong i veka. Elevane på mellomtrinnet og ungdomstrinnet deler på å hjelpe Honami med å lage varm mat kvar fredag.

Når dei lunsjansvarlege planlegg mat til så mange, har det vorte viktig for dei å tenke på berekraft. Dei er opptekne av å halde matsvinnet nede og å redusere kjøttforbruket. Dei serverer difor vegetariske rettar innimellom og det er gode alternativ å velgje i på lunsjbordet. Men noko svin blir det likevel. Nokon som ikkje klarer å ete opp alt, eller skrell fra poteter og bein frå kjøtet. Dette har dei løyst med å starte med bokashikompostering. Då blir alt organisk avfall samla og fermentert i bøtter inne på SFO-kjøkkenet (heilt luktfritt).



Den observante lesar vil sjå at der er ein tappekran foran på bøtta. Der kan ein tappa av bokashivæske, som er supert til gjødsling av blomster og grønsaker.

Alle elevane har vorte flinke til å samle opp alt organisk avfall og legge det i riktig bøtte. Når bøtta med matavfall har fått godgjere seg i to veker, blir innhaldet flytta over i store plastdunkar ute. Dei står ved drivhuset og innhaldet blir blanda med jord. Dette vert kalla ein jordfabrikk og no vil matavfallet gradvis bli omdanna til god og næringsrik jord. Det er ungdomstrinnet som har ansvaret for denne delen av prosessen med god rettleiing frå Linda og Erin.

Drivhus og dyrking



Februar 2022



Allereie tidleg i januar startar arbeidet i drivhuset



Når bokashien er omdanna til jord, er det ei luftig og veldig næringsrik jord der ein har gode muligheiter til å dyrke. Skulen har då bestemt at dei skal ta berekraft enda eit steg vidare og vil dyrke mat til eige bruk.

På baksida av skulen har det difor blitt satt av eit område til dyrking. Hovudfokuset er eit stort drivhus med solid plommeraude ramme. Her kan frøspirar og små stiklingar stå trygt for ver og vind. Med riktig belysning og temperatur.

Rundt drivhuset har det kome til stadig fleire pallekarmar og andre karmar til å dyrke i. Å opparbeide ein grønsakshage tek tid, men dei opplever at dei dyrkar stadig meir for kvart år.



Den naturlege skulesekken

Elevane og lærarane ved Hildre Montessoriskule har fått vere med på eit unikt og spennande prosjekt dette skuleåret. I samarbeid med Naturfagsenteret har dei delteke på «Den naturlege skulesekken». Skulen har motteke 110.000,- i støtte til prosjektet og har forplikta seg til kursing av lærarar, innhenting av ekstern opplæring og innkjøp av materiell. Natursekken har som mål å fremje elevane si handlingskompetanse for berekraftig utvikling. Gjennom arbeid med temaet skal elevane utvikle kompetanse som gjer dei i stand til å ta ansvarlege val og handle etisk og miljøbevisst. Temaet inneheld problemstillingar knytt til miljø og klima, fattigdom og fordeling av ressursar, konflikhtar, helse, likestilling, demografi og utdanning. Teknologi har ei betydeleg innverknad på menneske, miljø og samfunn. Elevane skal difor lære mykje om teknologiutvikling, både på godt og vondt. Når prosjektet er ferdig, skal elevane vere i stand til å ta gode og

berekraftige val både for seg sjølv og for framtidige generasjonar.

Montessori ungdomsskule

På ungdomstrinnet er det viktig at elevane får kjennskap til arbeidslivet. Dei skal snart gjere val i liva sine, val om kva dei vil bli. For å ta eit godt val, må dei vite kva type jobbar som er å finne der ute.

Nærheit til næringslivet er difor viktig for ein Montessoriskule. Elevane på ungdomstrinnet har eit fag som heiter arbeid. I dette faget får dei lære meir om forskjellige yrke. Dei reiser ofte ut til ulike bedrifter der dei får sjå korleis arbeidet foregår. Når dei reiser med ei lita gruppe elevar er det også lettare for bedriftene og la elevane delta i arbeidet. Å prøve korleis det er å gjere forskjellig arbeid er veldig viktig for å finne ut om det er noko å satse på.

Skulen tilbyr elevane på ungdomstrinnet ulike valfag. 10. trinn får også tilbod om trafikalt grunnkurs. Alle elevane ved ungdomstrinnet har eiga datamaskin. Maskina følgjer eleven gjennom alle dei tre åra og er tilrettelagt med skrive- og retteprogram.

Personleg økonomi er viktig å lære seg for dei unge. Det er viktig å ha kontroll over eigen økonomi og få ansvar og forståing for dette etterkvart som dei byrjar å tene egne pengar. Dette blir det lagt vekt på hos MUSK. Dei har blant anna hatt besøk av Sparebanken Møre, der elevane har gjennomgått kurs i privatøkonomi.

Ungdomstrinnet på Hildre har i dag 14 elevar. Kvart tredje skuleår får dei reise på ein gratis skuletur, der alle elevane får vere med. Men dei får også mindre turar innimellom. Det er mykje å sjå også i nærområdet.



MUSK-elevane har fått byggesett. Det ser ut som lafting..? Blir spanande å sjå når dei er ferdig

Mykje av dette kan verke framandt for mange. Og det er lett, for både elevar og vaksne, at fokuset når ein skal fortelje om dagen blir på bærbuska som ein har planta. Eller dei nye hoppetaua og karsefrøa dei sådde, enn på kor langt dei har kome i matte, norsk, engelsk osv. Det er difor viktig å understreke at Montessoripedagogikken er godt forankra i ein læreplan som er godkjend av utdanningsdirektoratet. Ny revidert læreplan kom i 2020.

Elevane har dei same faglege læringsmåla som alle andre elevar i Noreg. Men veien til målet er forskjellig.



Vi ser framover

Etter ti år med privat drift har skulen fått utretta mykje, utdanna lærarar, utbetra bygget og utvikla uteområdet. Men ein skule er og skal vere, i kontinuerleg utvikling. Det er difor viktig å sjå framover og legge planar.

Barnehage

Dei ansatte ved skulen har i mange år hatt ynske om ein Montessoribarnehage. Læringa startar allereie i barnehagen og ynsket til dei vaksne ved skulen, er at barna skal få kome i gang tidleg med å utforske Montessorimateriellet. Men også å lære seg dei gode rutinane før dei startar i 1. klasse. Det vil gi barna ein mjukare overgang frå barnehage til skule. Barna får også starte læringa når dei er klar, dei må ikkje vente til 1. klasse.

Før korona hadde skulen eit tilbod til barnehagebarn som dei kalla

Montessoriklubben. Dette var eit frivillig førskuleprosjekt, der barna fekk kome saman med foreldra og prøve litt korleis det er å gå på ein Montessoriskule. Dette vart dessverre ikkje mogleg å fortsetje med under pandemien, men er noko skulen vil ta opp igjen så snart som råd.

Ei gruppe er nedsatt og arbeidar for at Hildre skal få ein Montessoribarnhage. Det er eit omfattande arbeid på lik linje med det arbeidet som vart lagt ned for å starte skulen i si tid. Det er difor gledleg at dei har kome langt i prosessen. I ein slik prosess er det ikkje nok med pågangsmot og dyktige folk som arbeider med saka, ein treng også velvilje frå kommunen. Det er dei som gir tillatelse til å starte opp. Videre treng barnehagen eit eige bygg i nærheita av skulen. Dette har vorte utreda av arbeidsgruppa for barnehage og styret ved skulen. Mykje er på plass, men det er enda nokre få hinder som skal forserast før ein kan stikke spada i jorda.

Nye lokaler til MUSK?

Skulebygget på Hildre er stort og det har mykje unytta potensiale. Sidan barneskulen nytta lokala oppe og barnehagen hadde underetasjen. Fekk MUSK anledning til å bruke Solglyttkjellaren og etterkvart det som i si tid var Helselagsrommet. Mykje har vorte gjort for å gjere romma meir egna til klasserom. Oppe på Helselagsrommet har det vorte bygd nestan heilt om. Det har også kome på plass nye takvindauger for å sleppe inn dagslys.



Nede i Solglyttkjellaren har det også kome inn større vindauger, nye møblar og nødutgang. Hausten 2020 flytta MUSK opp og tok i bruk SFO-rommet ved sidan av Helselagsrommet. Då hadde inn klima vorte utbetra med nytt ventilasjonsanlegg.

SFO flytta, vinteren 2022, ned i Solglyttkjellaren.

Både elevar og vaksne på ungdomstrinnet drøymmer om enda meir egna lokale. Dette har det vore arbeida med av skulestyret heilt frå starten i 2016. Det alternativet som er mest aktuelt no, er å flytte barnehagen til eige bygg. Då vert lokala i underetasjen frigjort og kan nyttast til ungdomsskule. På den måten vil dei få eigen inngang, enkel tilgang til kjøkken, sløydsal, gymsal, garderobe osv. Skulebygget er stort og det er viktig å ta i bruk så mykje som mogeleg av det på dagleg basis.

Teknologisk utvikling



*Illustrasjon lånt fra nettsida til Høgskulen på Vestlandet.
Utvikling av digitale læringsressurser*

Det er viktig for skulen å følge med i den teknologiske utviklinga. Dei har difor investert i eigne pc`ar til alle elevar frå 4. til 10. trinn. Godt utstyrt med relevant programvare. Elevane på 1. – 3. trinn deler på fleire stasjonære og nokre berbare pc`ar. I tillegg til anna materiell. I tillegg har klasseromma smartboard til undervisninga. «Mykje gode undervisningsverktøy er utvikla som vi nyttar», seier dagleg leiar Nina Hildre.

Med den farta utviklinga har på dette feltet i dag, er det viktig å henge med. Dette gir elevane ved Hildre Montessoriskule ein fordel. Dei får ta i bruk moderne utstyr og ny programvare.



Nokre av arbeidsstasjonane der elevane både kan plugge i og lade pc, eller nytte bøker eller anna materiell til arbeidet

Uteareal – ein folkehelsepark



Utearealet er viktig i ein Montessoriskule. Det vert nytta både til pauseaktivitet for barna, men kan også nyttast som klasserom og undervisning. Elevar som klarer å arbeide sjølvstendig, kan også få sitte ute og arbeide med skulearbeidet sitt. Utanfor det eine klasserommet er det plassert ut rastebord under tak. Då kan ein sitte ute og samtidig vere beskytta for det verste vêret.

På same måten som at innearealet treng å vere i utvikling, treng også utearealet det. Skulen har som mål å fortsetje å utvikle utearealet. Dette skjer i godt samarbeid med dei øvrige laga, som også nyttar delar av bygget og uteområdet.

Målet er å utvikle eit aktivitetsområde både for elevane, men også for bygdefolket. Saman med lag og organisasjonar i bygda, har skulen søkt om midlar til å utvikle ein folkehelsepark i samband med tursti og uteområdet på og ved skuleplassen. Noko har kome på plass allereie, men det er planar om mykje meir. Det skal vere noko både for utvikling og leik, turgåing og idrett, men også til sansing og ettertanke.

Turstien startar, eller endar om du vil, ved skuleplassen. Her finn ein i tillegg både grasbane og bilbane. I tillegg er det planar om grillhytte, slik at turgåarar kan lage seg mat. Det er også planar om fleire aktivitetsapparat i og omkring turstien og skuleplassen. Noko av det som er planlagt er ballbinge, klatrepyramide og zip-line.



I lavvoen er det godt med plass både til undervisning og til matlaging

10 år med Montessori

Etter ti år med Montessoriskule på Hildre, er det nokre personar som har vore med heile vegen. Blant dei vaksne er det Frida Ahrens, Lena Ulvund, Arnhild Engeset og Erin Hildre som har vore med heile vegen.

Frida, Lena og Erin har både tradisjonell lærarutdanning, men har også teke etterutdanning og er no utdanna Montessoripedagogar.

Erin har jobba i 25 år ved skulen i år. Først var Erin tilsatt ved den kommunale skulen på Hildre, men då den kommunale skulen vart nedlagt, blei ho med vidare for å utvikle ein ny skule på Hildre.



Frida Ahrens og Erin Hildre



Arnhild midt blandt elevane

Arnhild har vore leiar for SFO heilt fram til i fjor og har også vore tilsett ved skulen i 25 år til saman.



Lena Ulvund

Etter så mange år med skuledrift, har vi no begynt å få elevar som har gått heile løpet med Montessoripedagogikk. Dei første til å fullføre 1-10. med denne pedagogikken er Kevin Haddal, Dana Hildre og Alva Ulvund.



1. klasse i 2012

Vi har ledige plasser ved vår 1. – 10. Montessoriskule

Hos oss får elevane mellom anna:

- Stor vaksentettleik (18 tilsette på 63 elevar)
- Ein spennande kvardag med konkretiseringsmateriell
- Læring i aldersblanda grupper tilpassa kvar enkelt elev
- Tilrettelagt miljø for alle
- Leksebevisste lærarar
- Gratis frukt og grønt kvar dag
- Gratis lunsj kvar dag. Varmlunsj kvar fredag
- Gratis leirskule og andre aktivitetar som skidag og utflukter
- Symjeundervisning kvart år

Ta kontakt for meir informasjon og gratis uforpliktande prøveperiode.

Dagleg leiar: nina@hildreskule.no

Konseptansvarleg: erin@hildreskule.no

Tlf.: 951 80 066

Tlf.: 902 91 342



<http://www.hildreskule.no/>

Tekst: Anita Hildre Foto: Anita Hildre, lånt frå skulen, skulens Facebookside, frå arkiv, lånt frå Dagmund Hildre